

Oppslagsnr.	Løpenr.	Skrivemåtar i off. bruk/forslag	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar
	1	Åsbog / Åsbok	Åsbog	Seter/støl	<p><u>Uttale:</u> I heradsregisteret er namnet registrert med uttalen /å:s`bok/. I arkivkortet i heradsregisteret kjem det fram opplysningar om at Åsbog har vore ein opphavelig støl utan sel. Det er samstundes vist til arkivkortet for Åsbokstaulen. I boka Norske innsjønamn IV frå 2002 på side 445 står det fylgjande: "Den same utm. lekken finst til -dal'n. Han er sms av ås m 'høgdedrag' og boge m 'boge'. Ein kan meine å sjå ein slik åsboge på kartet, men åsane kring dalen er ikkje høge. Hm ØK frå Rauland og Vinje sa at sluttlyden i Åsbog- er ein "mellomting av k og g, som i totakk". Det namnet har vore notert med -g etter nokre hf, mens mest med k og Larsen (1908:46) drog inn uttala av det då han drøfte høvet mellom tenues (p, t, k) og mediæ (b, d, g) i norsk. Her er det tale om det motsette av det Larsen meinte å gje dome på med Totag for Totak, nemleg utlydsherding eller assimilasjon til den klanglause kons i etterlekken. Det fonetiske uttrykket for mellomlyden mellom tenues og mediæ er helst at tenues taper den aspirasjonen som skil mest mellom dei to, og det var vel det vestteken ØK hadde fest seg ved uttala av Åsbog- og Totak- og ordla som han gjorde."</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> I boka Norske innsjønamn IV frå 2002 er samansetjingsforma Åsbog-nytta på side 445 under Åsbogtjønni. I boka Staular og staulsliv i Rauland (2008) på side 120 er namneforma Åsbogstaulen - slåttestaul skrive under Brekka (bruk 150/3). I boka Norske sæternamn frå 1949 er Bøge omtala på side 236, og det står mellom anna fylgjande "Her er òg nemnande Åsbog, Nissedal. -bog er vel helst ei avkorta form av -boge, jfr. likevel bøg n. = boge." I arkivkortet for Åsbog i heradsregisteret er det vidare vist til kortet for Åsbogstaulen, kor skrivemåten Åsbogstaulen er nytta og det er gjort merknad om at det er ein slåttestaul som er i bruk, men ikkje på kartet (under bruk 47/5.)</p>

	1			Seter/støl	<p><u>Høyringsvar:</u> Rauland Historielag ved leiar Toril Nicolaisen skriv i brev datert 03.02.2022 mellom anna i avsnittet med overskrifta "Staulen Åsbog": "[...] Han er nemnd i stykke av Birgit Landsverk i Årsskrift for Rauland Historielag 2008, Staular og staulsliv Rauland, då som staul under garden Brekka. Me har ingen nærmare informasjon om denne. Kjell Bitustøyl har heller ingen kjennskap til ein slik staul eller slåtte i Åsbogdalen. Truleg kan dette ha dreia seg om ei utslåtte av dette slaget som forsynte husdyrbruka i bygda med vinterhøy. Mange slike høyslåtter hadde ikkje noko sel eller løe, og høyet stod i stakk fram til henting på sledeføre."</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Åsbog.</p> <p><u>Vurdering:</u> Normalt skal skrivemåten i primærfunksjonen etter lov om stadnamn § 4 tredje ledd vera retningsgjevande for skrivemåten i andre funksjonar av namnet. Skrivemåten i primærfunksjonen må difor fastsetjast fyrst. Men denne saka gjeld fyrst og fremst det avleidde namnet Åsbogdalen. Vi viser derfor også til vurderinga på løpenr. 2. Når det gjeld Åsbok/Åsbog, er dette etter alt å døme namnet på ein tidlegare støl (i tydinga mjølkeplass) i Rauland og det er primærnamnet i denne saka, jf. opplysningane ovanfor. Me kan ikkje finne bruk av namnet i kartmaterialet som me har undersøkt. Det er difor vanskeleg å få registrert namnet i Sentralt stadnamnregister (SSR) når me ikkje får stadfesta plasseringa. Det har heller ikkje kome nokre fleire opplysningar om plasseringa av stølsnamnet i høyringsruden. I fråsegnet frå Rauland historielag kjem det fram at dei heller ikkje har nærmare informasjon om stølen og det har heller ikkje Kjell Bitustøyl.</p>
--	---	--	--	------------	--

	1			<p>Seter/støl</p> <p><u>Forts. vurdering:</u> Det må vidare vurderast om namnet i primærfunksjonen skal skrivast <i>Åsbok</i> eller <i>Åsbog</i>. Skrivemåten <i>Åsbok</i> er i samsvar med den registrerte uttalen i heradsregisteret, førelekken <i>Åsbok</i>- har samstundes feste i økonomisk kartverk og fleire utgåver av kartserien Norge 1:50 000, men den er ikkje ynskja lokalt. Lov om stadnamn har som formål å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk, og som ikkje skyggjer for meningsinnhaldet i namnet, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna, jf. § 1 fyrste ledd. Ifylgje Venås er førelekken i namnet på dalen ei samansetjing av ås og boge med utlydsharding. Skrivemåten <i>Åsbog</i> er ikkje i tråd med den registrerte uttala i heradsregisteret, men som historielaget skriv i fråsegna si og som Språkrådet støtter, er det sannsynleg at andrelekken i primærnamnet heng saman med substantivet bog (/bug). Språkrådet viser i si tilråding til at namnelekken finst andre stader i Telemark med nettopp denne tydinga. I Kjell Venås si bok Norske Innsjønamn IV, Telemark fylke frå 2002 er Jambogtjønna nemnd på side 217. I tillegg kan med sjå i Sentralt stadnamnregister (SSR) at det er fleire likelydande namn som er registrert, eks. <i>Åsbogtjønne</i> i Kviteseid og <i>Åsbog</i> ein busetjingsplass i Nissedal. I boka Staular og staulsliv i Rauland (2008) er namneforma <i>Åsbogstaulen</i> nytta, og samansetjingsmåten <i>Åsbog</i>- er nytta i boka til Venås, jf. ovanfor. I tillegg er førelekken <i>Åsbog</i>- nytta i skrift for dei avleida naturnamna i saka og i andre samansatte namn, jf. ovanfor. På dette grunnlaget vedtar Kartverket skrivemåten <i>Åsbog</i> i samsvar med Språkrådet si tilråding, jf. § 1 fyrste ledd og § 3 fyrste ledd i lov om stadnamn.</p>
--	---	--	--	---

731842	2	Åsbogdalen / Åsbokdalen	Åsbogdalen	Dal	<p><u>Uttale:</u> I heradsregisteret er namnet registrert med uttalen /å: `sbokkda:løn/.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> I fyrste utgåve av økonomisk kartverk frå 1968 er namnet skrivne Åsbokdalen. Skrivemåten Åsbogdalen er nytta i kartserien Norge 1:50 000 i utgåvene frå 1952 og 1970, medan Åsbokdalen er nytta i utgåvene frå 1991 og 2006.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> I brev frå Ellen Bitustøyl, Johnny Bitustøyl og Dag-Bjarne Solbu datert 15.03.2021 står det fylgjande: "Me som bur i Åsbekkdalen har bruka Åsbekkdalen i alle år. [...] Namnet beskriv plassen: "Dalen bak åsen der bekken renner gjennom." Dette gjev ei meining. Åsbogdalen er ukjent og gjev inga meining." Odd Skeie skriv mellom anna fylgjande i brev datert 28.01.2022: "I mitt tidlegare innspell hevda eg at det er bruka båe nemningar/uttaler på området. Mine foreldre sa alltid Åsbogdalen og Åsbogtjønni, og det er denne nemninga eg brukar. Om rett nemning er Åsbogdalen eller Åsbekkdalen vil eg ikkje ha noko sterk meining om."</p> <p>I e-brev frå Elin Hamre mfl. står det mellom anna fylgjande: "[...] Tilbake til då me fekk tildela adresser i Åsbekkdalen, var navnet diskutert med folk som budde her og var født på 1920-talet. Dei har budd her i Rauland heile livet og ble mellom 90 og 100 år. Gunnhild Bitustøyl og Bjarne Solbu som begge er døde, har aldri bruka anna enn Åsbekkdalen. Fleire som bur her no er i 50-60 åri og har aldri høyrte noko anna enn Åsbekkdalen. Når det gjeld bekkjen (Rugebekk) så hadde det nok vore meir naturleg og kalla denne for Åsbekken iom at den har sitt utspring frå myrrennene opp mot høgdedraget mot Austbø som blir kalla Åsane."</p> <p>Lars Vaagen Solbakken (eigar av bruk 150/3) skriv mellom anna i brev datert 16.02.2022 fylgjande "Jeg har alltid brukt Åsbogdalen og Åsbogmyri om området, og Rugebekken om bekken som renner ned fra myri sør før Åsbogtjønni."</p>
--------	---	----------------------------	-------------------	-----	--

731842	2			Dal	<p><u>Forts. høyringsvar:</u> "Dette har jeg fra min bestefar, Einar Vaagen (1911-1987), som var sønn av Sivert Vaagen, oppvokst på Brekka, og eid/drev gården. Området ble brukt til dagbeite for kyr og til utmarksslått, noe som også stemmer med Kartverkets uttalelse i saken. Jeg kan ikke påberope meg ekspertise på hverken dialekt eller navnesetting, men har vært mye i utmark og fjell, ofte sammen med lokale folk, og fra det har jeg oppfattet begrepet «bog» (hvor o-en uttales som en blanding av o og å og g-en på en stum måte, nesten som en j) om et flatere (beite)område omgitt av høydedrag. Dette stemmer også godt overens med landskapet fra Åsbogtjønni og ned mot Åsbogdalen. Både av hensyn til historien, og den verdien det har å ivareta korrekt navnesetting utifra landskapsformasjoner (ås + bog + dal/myr/tjønn) anbefaler jeg at kommunen og Kartverket benytter anledningen til å rette opp feil som har blitt gjentatt over lang tid, og endelig bekrefte området med dets rette navn, Åsbogdalen/myri/tjønn(i)". Rauland Historielag ved leiar Toril Nicolaisen skriv i brev datert 03.02.2022 mellom anna fylgjande: "Styret i historielaget har sett gjennom tilgjengeleg dokumentasjon for tidlegare bruk av namnet Åsbogdalen og i tillegg sett på moglege forklaringar av stadnamnet. I avsnittet om tidlegare bruk av namnet Åsbogdalen står det at "Tidlegare lærar Aslak H Svalastog (1901 - 1984) registrerte i 1980 fleire namn frå Åsbogdalen etter opplysingar frå desse grunneigarane i Åsbogdalen: Einar Vaagen (1911 - 1987) grunneigar til Brekka: Åsbogdalen, Åsbogmyran, Halvor Skeie (1917 -) grunneigar til Skeie Nord: Åsbogpytten, Åsbogtjønni. Aslak H Svalastog har skrive både Åsbogdalen og Åsbokdalen i sine notatkort. Munnleg overlevering: Kjell Bitustøyl voks opp i Åsbogdalen der også besteforeldra Olav (1885 -1974) og Gunhild (1890 -1976) Bitustøyl budde. Han fortel at dei alltid sa Åsbogdalen." I avsnittet med ymse forklaringar på namnet Åsbog i fråsegnet står det fylgjande: "Aslak H Svalastog var inne på ei mogleg forklaring på namnedelen - bog."</p>
--------	---	--	--	-----	---

731842	2			Dal	<p><u>Forts. høyringsvar:</u> " Då i tyding bøku, som kan ha vore bruka om eit slåttestykke, (der graset blir turka på bakken). Kanskje sammenheng med høyslått på staulen/slåtta Åsbog? Svalastog har i den sammenhengen notert at namnet Åsbekkdalen må vera ei misstyding. Historielaget ser det som meir truleg at namnet Åsbogdalen kan ha opphav i forma på landskapet, slik gamle stadnamn ofte har oppstått. Dalen er ein relativt flat nord-sør dal medlom låge åsar og nutar mot vest og nord og eit noko høgare åsdrag mot aust. Dette gjev dalen ei bogeform, som kan høve med namnet Åsbogdalen. Boge, bog eller baug, kan vera variantar av same ordet. Me finn att "bog" i fleire stadnamn der landskapet kan ha ei bogeform: Bogen, Bogenes, Bogerud, Baugestaul, Baugerud. (Stadnamnet Bogstad har på si side opphav i treet bøk el bog.) Om denne tydinga er rettast, vil den også vera den eldste. Den nedlagde staulen/slåtta Åsbog har då mest truleg fått namn etter dalen." Når det gjeld bekken gjennom Åsbogdalen skriv dei fylgjande "Bekken gjennom dalen heiter ikkje Åsbekk eller Åsbekken. Han heiter Rugebekk og har såleis ikkje gjeve namn til dalen. Bekken har behalde namnedelen Ruge, med truleg opphav i Rukke, som me kjenner at frå flate Rukkemoar der elvar eller bekkar slyngar el. rukkar seg fram. (Meander)."</p> <p>Avslutningsvis står det fylgjande "Namnet Åsbekkdalen har gjennom dei seinste 60-70 åra har blitt nærast einerådande i dagleg bruk, og med det identitetsskapande. Haldor Myrvang, fødd i 1931 og oppvaksen i nærområdet, opplyser at han alltid har høyrte og bruka Åsbekkdalen. Rauland Historielag har såleis stor forståing for ynskjete frå dei fastbuande om å behalde namnet Åsbekkdalen som det offisielle namnet. Det gamle stadnamnet Åsbogdalen har historisk verdi, og historielaget vonar at forklaringa vår om opphavet til namnet også vil gjera nytte for dei fastbuande."</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Åsbogdalen.</p>
--------	---	--	--	-----	--

731842	2			Dal	<p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten på stølen skal etter lovens hovedregel være retningsgivende for skrivemåten i de andre funksjonene av navnet. For dei fastbuande i området er det imidlertid skrivemåten Åsbekkdalen som er ynskja. Det vart stadfesta i høyringsfråsegnet at fleire av dei som bur der no ikkje har høyrte noko anna enn Åsbekkdalen, jf. ovanfor. Verken Åsbekkdalen eller Åsbogdalen er i samsvar med den registrerte uttale i heradsregisteret. Me finn heller ikkje nokre skriftlege kjelder der Åsbekkdalen er nytta, mens Åsbogdalen er brukt i fleire utgåver av kartserien Norge 1:50 000, jf. ovanfor. I tillegg kjem det fram av fråsegnet frå historielaget at tidlegare lærer Aslak Svalastog i 1980 registrerte fleire namn frå Åsbogdalen frå dåværenda eigarar i Åsbogdalen, jf. ovanfor. Når det gjelde munnleg overlevering skriv også historielaget at Kjell Bitustøyl som er vaksen opp i området kunne fortelja at besteforeldra hans alltid sa Åsbogdalen. Rauland Historielag ved leiar Toril Nicolaisen skriv i brev datert 03.02.2022 mellom anna at "Tjønni øvst i Åsbogdalen kan av fonetisk grunn ha bli uttala Åsboktjønn frå gammalt av. I munnleg tale kan lyden g føre ustemt lyd (som tj) lett bli til ein k-lyd. I samsvar med den lokale dialektuttalen av lyden o, ein mellomting mellom o, e og å kan ein forstå at uttalen i nyare tid kan ha dreia seg mot e. Dette kan vera ei mogleg forklaring på ei lydendring vidare til Åsbekktjønn, og med det ei dreining av uttalen av Åsbokdalen til Åsbekkdalen." Om dette skriv Språkrådet fylgjande: "Det kan tenkjast at den lydlege forklaringa som historielaget her nemner, har noko føre seg, men det er vel så tenkjeleg at endringa har skjedd som ei omtolking av namnet, kanskje særleg i samband med skriftfesting av det, eventuelt i kombinasjon med lydlege tilhøve. Uansett er det godt grunnlag for å rekna at uttalen med -bekk- er resultat av eiomdanning som bryt med den opphavlege tradisjonen." Kartverket er samde med Språkrådet og ser ikkje at det er godt nok grunnlag for å fråvike dei allminnelege reglane for normering av stadnamn. Skrivemåten Åsbogdalen vert fastsett i samsvar med fleire av dei lokale ynskja og Språkrådet si tilråding.</p>
--------	---	--	--	-----	---

185833	3	Åsboktjønni / Åsbogtjørn / Åsboktjørni	Åsbogtjønni	Tjern	<p><u>Uttale:</u> I boka Norske innsjønamn IV frå 2002 på side 445 er uttala /å:s`bökkjønni/ registrert.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Skrivemåten Åsboktjønni er nytta i økonomisk kartverk frå 1968. I kartserien Norge 1:50 000 er Åsbogtj. nytta i utgåva frå 1079, Åsboktj. i utgåva frå 1991, medan Åsboktjørni finst i utgåva frå 2006.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Odd Skeie skriv mellom anna fylgjande i brev datert 28.01.2022: "[...] Derimot er det utvilsamt at namnet Åsbogtjønni er rett nemning på denne tjønne. Namnet relaterar til åsanes utforming. Her er det heller ingen bekk til eller frå tjønne, kun tilsig frå myr og kjelder. Dette namnet må altså ikkje rokkast ved."</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Åsbogtjønni.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. vurderinga på løpenr. 1. Skrivemåten av føreleken i namnet Åsbog- fylgjer vedtaket i primærfunksjonen, jf. § 4 tredje ledd i lov om stadnamn. Det som må vurderast i tillegg er om etterleken skal skrivast -tjørn, -tjørni eller -tjønni. Namnet er skriva med etterleken -tjørni i kartserien Norge 1:50 00 frå 2006. I Sentralt stadnamnregister (SSR) er det normeringspraksis for bruk av etterleken -tjønni i andre namn i Vinje kommune. Det er samstundes gjort vedtak om -tjønni i fleire andre naturnamn i kommunen. Skrivemåten -tjønn i samsvar med lokal uttale har heimel i punkt 3.6 i dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn som opnar opp for bruk av skrivemåten -nn- for -rn- i samsvar med uttalen. Kartverket vedtar skrivemåten Åsbogtjønni i samsvar med uttalen, skrivemåten i økonomisk kartverk og Språkrådet si tilråding, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn.</p>
990252	4	Åsbogdalen		Adressenamn	Kommunen er vedtaksmynde